

SAK 62/24 BUDSJETT 2025 OG ØKONOMIPLAN 2025 – 2028 – REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL
Saksopplysning:

Regionrådet utarbeider kvart år eit driftsbudsjett og ein økonomiplan for den kommande fireårsperioden. Årsbudsjett og økonomiplan skal vedtakast av Hallingtinget. Driftsbudsjettet for 2025 tek utgangspunkt årsbudsjett 2024, rekneskap for 2023 og vedtak fatta i driftsåret 2024.

Det er lønnskostnadene som er den største utgiftsposten på driftsbudsjettet. I løpet av 2024, Hallingdal etablerer teneste vorte lagt inn under Regionrådet og fra 2025 vil både Sats på Hallingdal og «Reine elver» bli avslutta, mens det har kome inn ei klimastilling ekstra, full-finansiert av sparebank 1 stiftinga. I 2025 er desse stillingane knytt til Regionrådet:

Stilling	Stillingsprosent	Kommunal finansiering	Anna finansiering	Merknad*
Dagleg leiar	100%	100%		
Regionalforvaltar	100%	65% HUR*	35% prosjekt	15% HUR
Programleiar SPH	100%		100% prosjekt	Blir avslutta 30. mars
Klimakoordinator	100%	50%	50% prosjekt	Restmidlar frå Viken + bunde fond
Klimakoordinator	100%		100% SB1	Blir avslutta 31. des
Sirkulærøkonomi	100%		100% prosjekt	Viken fylkeskommune
Etablerersenteret	100%	87%	13% fylket	

Strategisk plan for Hallingdal:

Strategisk plan for Hallingdal er den overordna planen for arbeidet til Regionrådet. Fram til 2022 har midlar til gjennomføring av strategisk plan vore finansiert med kr. 800 000 frå kommunane. Dette vart justert opp til kr. 1,2 mill i 2023, og ned att til kr. 900 000 i 2024. Dagleg leiar foreslår å vidareføre dette nivået i 2025.

Erfaringsmessig hentar me ut i underkant av 1 mill pr.år, frå andre aktørar til ulike tiltak som står i strategisk plan. I 2024 vart dette beløpet større fordi me har fleire stillingar inne i Hallingdal berekraft, finansiert av fylket, fond og stiftingar. Dette blir langt på veg vidareført i 2025. Totalt er det for 2025 lagt inn ein eigeninnsats på kr. 500.000.

Tilskot frå kommunane, inkl finansiering av Strategisk plan Hallingdal og «Ungt Entreprenørskap» er budsjettert med kr. 3.900.000, som er ei auke på 2,63 % frå 2024.

Disposisjonsfond:

1. januar 2024 var disposisjonsfondet på kr 386 609. Ved regnskapsavslutning i 2024 vedtok Hallingtinget at overskotet på kr. 250 884 blir overført til disposisjonsfondet. Hallingtinget har tidlegare rådd til at Regionrådet sitt disposisjonsfond skal vera på minimum kr.800.000 ved starten av året for å kunne dekke oppdukkande behov som ikkje er budsjettert.

Dagleg leiar foreslår ei gradvis oppbygging av disposisjonsfondet, at det i 2025 blir sett til kr 700 000 og at det blir tilført midlar frå kommunane og frå bunde fond på denne måten:

Disposisjonsfond i dag	kr 637 493
Kommunalt bidrag	kr 62 507
Foreslått disposisjonsfond frå 1. januar 2024	kr 700 000

Med dette forslaget blir den totale auken for kommunane omlag 4,26%

Samandrag økonomiplan 2025 – 2025

TILTAK	2025	2026	2027	2028
Driftsbudsjett	3 900 000	4000 000	4 150 000	4300000
Tiltak Strategisk plan (ordinær løyving)	900 000	900 000	900 000	900000
Disposisjonsfond	62507	0	0	0
SUM	4 862 000	4 900 000	5 050 000	5 200 000

Finansiering

TILTAK	2025	2026	2027	2028
Kommunane, driftsbudsjett	3 000 000	3 100 000	3 250 000	3 400 000
Eigeninnsats	400 000	400 000	500 000	500 000
Renter	500 000	500 000	400 000	400 000
Kommunane, disposisjonsfond	62 507	0	0	0
Kommunane, tiltak Strategisk plan	900 000	900 000	900 000	900 000
SUM	4 862 000	4 900 000	5 050 000	5 200 000

Forslag til vedtak

- Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek følgjande forslag til finansiering av regionalt arbeid:
 - driftsbudsjettet 2025 for Regionrådet, med ei kommunal finansiering på kr. 3 000 000
 - gjennomføring av tiltak i strategisk plan med ei kommunal finansiering på kr. 900 000
 - oppbygging av disposisjonsfondet med ei kommunal finansiering på kr. xxx
 Totalt er det framlegg om kommunal finansiering på kr. 3 962 507 som er ei auke for kommunane med 4,26%
- Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir på kr. 700 000 for 2025 og at ein går attende til vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2026.
- Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettet. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
- Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
- Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2025 – 2028.

Hallingdal 18. sept 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2025.

Vedlegg 2: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2025

ADMINISTRATIV DEL

KONTO	TEKST	BUDSJETT 2025	BUDSJETT 2024	REKNESKAP 2023
10100	Løn	1 850 000	1 760 000	2 076 305
10900	Pensjon	305 000	290 000	396 950
10990	Arbeidsgivaravgift	230 000	220 000	261 807
11000	Kontormateriell	5 000	5 000	4 774
11501	Beverting	10 000	10 000	13 300
11209	Andre utgifter	10 000	10 000	1958
11300	Porto	1 000	1 000	1 052
11301	Telefon	5 000	5 000	4 193
11402	Profilering	5 000	5 000	0
11500	Kurs, konferansar	20 000	10 000	11 729
11600	Reiseutgifter, adm. Inkl.11702, 11703	30 000	30 000	29 972
11900	Husleige	90 000	90 000	119 717
11951	Lisensavgifter inkl 11953	70 000	70 000	57 985
12000	Inventar og utstyr inkl.12002	10 000	10 000	28 575
12700	Konsulenttenester	270 000	260 000	228575
13750	Rekneskapsføring/revisjon, konsulent	65 000	60 000	30 300
SUM		2 976 000	2 836 000	3 240 664

POLITISK DEL

Konto	Tekst	Budsjett 2025	Budsjett 2024	Regnskap 2023
10800	Godtgjersle leiar	60 000	60 000	48 000
10801	Møtegodtgjersle	0	40 000	800
10990	Arbeidsgjevaravgift	10 000	10 000	9 521
11151	Beverting	130 000	100 000	177 582
11209	Ymse utgifter Regionrådet	14 000	18 000	2 679
11600	Reiseutgifter inkl.11703 og 11900	170 000	140 000	164 747
11950	Kontingent Fjellregionsamarbeidet 889	60 000	60 000	57 000
14700	Tilskot "Dølaminne"	0	6 000	6 000
	Drift Hallingdal Ungdomsråd 876	180 000	180 000	180 000
	Ungt entreprenørskap 836	300 000	300 000	300 000
SUM		924 000	914 000	946 298
TOTALT		3 900 000	3 750 000	4 183 962

INNTEKTER

Konto	Tekst	Budsjett 2025	Budsjett 2024	Regnskap 2023
17500	Frå kommunane etter fordeling, drift	2 700 000	2 600 000	2 324 668
12700	Eigeninnsats prosjekt, refundert	500 000	500 000	100 000
12700	Lønnsutgifter næringsfond			
19000	Renter av bankinnskott	400 000	350 000	1 207 000
17500	Tilskot kommunane Ungt entreprenørskap	300 000	300 000	300 000
19400	Avsetning til disposisjonsfond			250884
19500	Bruk av bunde fond	0	0	
SUM		3 900 000	3 750 000	4 182 552

Vedlegg 2

**REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, FORDELING AV
KOSTNADER FOR 2025**
FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:

30 % flat fordeling

70 % etter folketal (utgang 2. kvartal 2024)

BUDSJETT 3 000 000
FORDELING KOSTNADER STRATEGISK PLAN

Fordeling er gjort etter folketal utgang 2. kvartal 2024

BUDSJETT 900 000
DISPOSISJONSFOND

Fordeling er gjort etter folketal utgang 2. kvartal 2024

BUDSJETT 62507
KOSTNAD PR. KOMMUNE:

Kommune	Innb.	1.1-30.6	1.7-31.12	Drift	SPH	Disp.Fond	Totalt 2025	Totalt 2024
Flå	1139	131 103	131 103	262 206	48 088	3 340	310 295	302 022
Nesbyen	3271	236 118	236 118	472 236	138 101	9 591	610 337	617 354
Gol	4878	315 273	315 273	630 546	205 948	14 304	836 494	833 778
Hemsedal	2662	206 121	206 121	412 241	112 389	7 806	524 631	524 315
Ål	4860	314 386	314 386	628 773	205 188	14 251	833 961	842 080
Hol	4507	296 999	296 999	593 998	190 285	13 216	784 282	793 843
SUM	21317	1 500 000	1 500 000	3 000 000	900 000	62 507	3 962 607	3 913 392